

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/1407-16

### **Ny revidering av delegerings- og innstillingsreglementet**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek delegerings- og innstillingsreglementet i samsvar med vedlegget.

Vedlegg:

Utkast til nytt delegerings- og innstillingsreglement

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkesrådmannen gjer her framlegg om at fylkestinget reviderer delegerings- og innstillingsreglementet i samsvar med det vedlagte framlegget.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget vedtok det gjeldande delegerings- og innstillingsreglementet i juni i fjor, sak 16/16, etter at fylkesrådmannen vinteren og våren 2016 hadde gjennomført ein grundig høyringsrunde i administrasjonen.

Fylkesrådmannen har i ettertid motteke ei rekkje innspel frå administrasjonen om rettsområde og saksfelt som likevel ikkje er omtala i reglementet. Nokre av innspela gjeld saksfelt som Statens vegvesen Region vest alt ivaretek på vegner av fylkeskommunen, utan at den formelle delegeringa frå fylkestinget til fylkesrådmannen er på plass. Andre innspel dreiar seg om rettsområde som tidlegare rett og slett har vore utegløynde.

Det er difor naudsynt at fylkestinget reviderer reglementet på nytt alt no. Eg viser til fylkestingssak 16/16 når det gjeld dei rettslege utgangspunkta og systematikken i reglementet, men minner om at all delegering frå fylkestinget til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Dei føreslegne endringane i det vedlagte reglementet er skrivne med raud skrift.

### **Kap. 1.4.5 Fylkesrådmannen**

Fylkeskommunen søker årleg om betydelege midlar frå staten. Døme på dette er midlar frå Helsedirektoratet til utvikling av folkehelsearbeid i kommunane og midlar frå Riksantikvaren til fordeling på freda bygningar.

Tildelinga av midlane vert gjort politisk, som oftast av eit av hovudutvala, men sjølv søknadsprosessen føregår vanlegvis administrativt. Det kan fort bli for omstendelig og tidkrevjande om slike søknader må handsamast politisk, slik Helsedirektoratet har stilt krav om i samband med midlar til utvikling av folkehelsearbeidet.

I dag manglar det ei generell fullmakt til fylkesrådmannen til å søkje om statlege og andre eksterne midlar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Eg føreslår at det vert klargjort at eg har ei slik fullmakt ved å ta inn ei setning om dette i kap. 1.4.5. I dei tilfelle staten uttrykkeleg stiller krav om politisk handsaming, må vi også framover syte for dette.

### **Kap. 2.4 Omgjering – kontroll**

Dette punktet omhandlar to forhold som ikkje har noko med kvarandre å gjere; overordna organ sitt høve til å omgjere vedtak gjort av underordna organ og kontrollutvalet sin tilsynsfunksjon. Eg gjer difor framlegg om at det eksisterande andre avsnittet om kontrollutvalet sin tilsynsfunksjon vert eit nytt kap. 2.5.

### **Kap. 3.2 Skjønnsprosesslova**

Det er ikkje omtala i det gjeldande reglementet kven i fylkeskommunen som har mynde til å krevje skjøn etter skjønnsprosesslova.

I saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar har regionvegsjefen jamnleg behov for å kunne krevje skjøn på vegner av fylkeskommunen for å få fastslått verdien av - eller rettar i - fast eigedom. Eg føreslår difor at fylkestinget delegerer mynde til å krevje skjøn eller takst, og til å krevje overskjøn, til fylkesrådmannen, med sikte på vidaredelegering til regionvegsjefen for fylkesvegar sitt vedkomande.

### **Kap. 3.5 El-tilsynslova, kap. 3.23 Brann- og eksplosjonvernlova og kap. 3.26 Ekomlova (lov om elektronisk kommunikasjon)**

Fylkeskommunen har som eigar av fylkesvegar, inkludert tunnelar, ei rekkje rettar og plikter etter desse tre lovene. Regionvegsjefen ivaretek alt i dag desse rettane og pliktene på bakgrunn av ein eigen avtale med fylkesdirektøren for samferdsle frå 2010. For å få formalia i orden, ber eg om at fylkestinget delegerer mynde etter lovene til fylkesrådmannen.

### **Kap. 3.9 Veglova**

Endringane fylkesrådmannen føreslår her, dreiar seg hovudsakleg om saksfelt som Statens vegvesen Region vest alt forvaltar på vegner av fylkeskommunen, utan at fylkestinget har delegert dei naudsynte fullmaktene til fylkesrådmannen.

- § 10:
  - Fylkeskommunane sitt høve til å uttale seg i samband med tilsetjing av regionvegsjef følgjer ikkje lenger av veglova § 10, men av personalreglementet for Statens vegvesen.
  - I dagens reglement har fylkestinget delegert mynde til fylkesrådmannen til å avgjere erstatningskrav på under 100 000 kroner for skadar «i samband med arbeid på fylkesvegar» og skadar «der fylkesveganlegget er skuld i skaden». Eg føreslår at fullmakta vert meir generell, slik at ho også omfattar ansvar etter t.d. grannelova og forureiningslova. Eg gjer difor framlegg om at fylkesrådmannen får fullmakt til å avgjere erstatningskrav «som er knytta til fylkesveg».

- § 20: Fylkestinget bør delegere til fylkesrådmannen å kunne inngå semje med ein kommune om at fylkeskommunen skal ta heile eller delar av kostnaden med planlegging, bygging og utbetring av kommunal veg i tilknytning til fylkesveganlegg.
- § 29: Fylkesrådmannen har i dag fullmakt til å fastsetje kortare byggjegrænseavstand enn 50 meter frå *fylkesveg*, jf. 4. ledd i føresegna. Eg bør også ha mynde til å fastsetje anna byggje-grænse enn 60 meter frå *kryss*, jf. 5. ledd.
- § 44: Fylkeskommunen sitt mynde til å krevje at det vert sett opp gjerde ved veg og å krevje gjerde flytta eller endra, bør delegerast til fylkesrådmannen.
- § 45: Fylkeskommunen sitt mynde til å fastsetje plassering av gjerde, bør delegerast til fylkesrådmannen.
- § 47: Mynde til å flytte, rive, endre eller setje i stand gjerde, bør delegerast til fylkesrådmannen.
- § 50: Mynde til å gjere vedtak om eigedomsinngrep, bør delegerast til fylkesrådmannen.
- § 57: Mynde til å gi løyve til tiltak på eigedomsområdet til fylkesveg, som t.d. graving, sprenging og å setje opp innretning, bør delegerast til fylkesrådmannen.

### **Kap. 3.20 Opplæringslova og forskrifta til opplæringslova**

På følgjande område gjer fylkesdirektøren for opplæring, eller rektorane ved dei vidaregåande skulane, vedtak, utan at fullmakt til dette er delegert frå fylkestinget til fylkesrådmannen:

#### *Opplæringslova:*

- Vedtak om at bedriftsdelen av opplæringa skal skje i skule, jf. § 3-3.
- Vedtak om særskilt opplæringstilbod i eigne grupper, klassar eller skular for nytilflytte elevar (språklege minoritetar), jf. § 3-12 femte ledd.
- Vedtak om rett til vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 4A-3 første ledd.
- Vedtak om rett til eitt års påbygging etter fullført og bestått fagprøve, jf. § 4A-3 sjuande ledd.
- Vedtak om tap av rett til vidaregåande opplæring for vaksne, jf. § 4A-9 første ledd.

#### *Forskrift til opplæringslova:*

- Vedtak om godkjenning av tidlegare bestått opplæring i Norge eller utlandet i heile opplæringsår, jf. § 1-16 andre ledd.
- Vedtak om særskild tilrettelegging på fagprøve/kompetanseprøve, jf. § 3-64.
- Vedtak om bortvising frå kompetanseprøve, jf. § 3-66.
- Vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter, jf. § 4-12 sjetten ledd.
- Vedtak om realkompetansevurdering for vaksne i vidaregåande opplæring, jf. §§ 4-13 og 6-46.
- Vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen, jf. § 4-25.
- Vedtak om bortvising frå eksamen, jf. § 4-29.
- Vedtak om annullering av eksamen på grunn av juks eller forsøk på juks, jf. § 4-30 fjerde ledd.
- Vedtak om endra status frå fulltids- til deltidselev, jf. § 6-5.
- Vedtak om inntak av deltidselevar til vg1, 2 og 3, jf. §§ 6-27 og 6-39.
- Vedtak om inntak til knutepunktskule, jf. § 6-42.
- Vedtak om inntak av vaksne med rett til vidaregåande opplæring, jf. §§ 6-45 og 6-47.
- Vedtak om inntak av vaksne utan rett til vidaregåande opplæring, jf. § 6-48.

For å få formalia i orden, ber eg om at fylkestinget delegerer mynde til meg etter dei ovannemnde føresegnene.

### **Kap. 3.30 Lov om Innovasjon Norge**

Som følgje av at dei regionale styra i Innovasjon Norge er lagt ned, bør fylkestinget fjerne setninga i reglementet som gjeld fylkeskommunen sitt høve til å kome med framlegg på medlemer til dette styret

### **Kap. 3.35 Matrikkellova**

Matrikkellova har avløyst delingslova og skal sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar ved at det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste eigedommar i landet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova, m.a. til å krevje matrikulering (føre ei ny matrikkleinering inn i matrikkelen) og til å krevje oppmålingsforretning, bør fylkestinget delegerer til fylkesrådmannen, med sikte på vidaredelegering til regionvegsjefen i saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar.

### **Kap. 3.39 Plan- og bygningslova**

Etter § 19-1 har fylkeskommunen høve til å uttale seg før kommunane ev. gir dispensasjon frå planar og plankrav. Føresegna er ikkje omtala i det gjeldande delegerings- og innstillingsreglementet. Eg føreslår at fylkestinget delegerer til fylkesrådmannen å gi fråsegner etter denne føresegna.

### **Kap. 3.41 Byggherreforskrifta**

Byggherreforskrifta skal verne arbeidstakarar mot farar ved at det skal takast omsyn til tryggleik, helse og arbeidsmiljø på byggje- eller anleggsplassar. Regionvegsjefen har gjennom ein eigen avtale med fylkesdirektøren for samferdsle frå 2010 fått fullmakt til å ivareta fylkeskommunen (byggherren) sine plikter etter forskrifta i fylkesvegsaker. For å få det formelle på plass, bør fylkestinget delegerer mynde etter forskrifta til fylkesrådmannen.

### **Kap. 3.42 Folkehelseleova**

Fylkeskommunane sitt ansvar etter folkehelseleova følgjer av §§ 20 og 21. Oppgåvene er ikkje omtala i det gjeldande reglementet.

Ifølgje § 20 skal fylkeskommunen fremje folkehelse gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting og gjennom eigne tiltak. Vidaregåande opplæring er eit døme på ein sentral arena i fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid. Føresegna pålegg også fylkeskommunen eit ansvar for å støtte opp under folkehelsearbeidet i kommunane. Lovgivar forventar at fylkeskommunen tek leiarskap for å til eit heilheitsgrep på utviklinga av folkehelsa i fylket.

Fylkesrådmannen si vurdering er at fylkeskommunen sitt ansvar etter § 20 bør forankrast politisk. Eg gjer framlegg om at fylkestinget delegerer oppgåvene til fylkesutvalet, eventuelt hovudutvalet for næring og kultur.

Etter § 21 har fylkeskommunen vidare ansvar for å ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i fylket og faktorar som kan verke inn på denne. Døme på påverknadsfaktorar er miljøforholda ved dei vidaregåande skulane, luftkvalitet og støyforhold på vegnettet og ulykkesstatistikk og levevanar. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med fylkeskommunen sin planstrategi.

Eg reknar fylkeskommunen sine oppgåver etter § 21 for å vere av administrativ karakter og føreslår såleis at fylkestinget delegerer ansvaret til fylkesrådmannen.

### **Kap. 3.43 Jordskiftelova**

Jordskiftelova frå 1979 er oppheva og erstatta av ei ny lov som vart iverksett i 2016. Fylkesrådmannen føreslår ikkje endringar når det gjeld delegering. Regionvegsjefen bør framleis – etter delegert fullmakt frå fylkesrådmannen - ha mynde til å fremje sak for jordskifteretten i saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar, slik som fastsett i FU-sak 55/10.

#### **Kap. 4.4 Disposisjonar over fast eigedom**

I dagens reglement har fylkesutvalet mynde til å vedta «kjøp av tomtegrunn». Kjøp av annan grunn, t.d. til bruk for fylkesvegar, er ikkje omtala.

Eg føreslår at fylkestinget delegerer til fylkesrådmannen å erveve grunn, inkludert høve til å føreta makeskifte, til bruk for fylkesveg. Eg vil i tilfelle vidaredelegere fullmakta til regionvegsjefen.

#### **4. Konklusjon/tilråding**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek reglementet, slik det følgjer av vedlegget. Endringane vert sett i verk umiddelbart.